

Rapport om Yndesdalsvassdraget i Masfjorden.

Vassområde Nordhordland i Regional plan for vassregion Hordaland.

Dette vassdraget går ifrå Verkland øvst i Yndesdalen til Frøyset i Masfjorden, rett nord for Risnes.

Berre den øvste delen av dette vassdraget ligg i Sogn og Fjordane, nemleg Yndesdalsvatnet med tilhøyrande elvar. Eg går ut ifrå at det er dette som er av mest interesse for Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, men eg skal likevel ta med litt om resten av elva.


Vassområde

Nordhordland. Som ein ser på kartet, går grensa for dette vassområdet litt inn i Sogn og Fjordane i retning mot Brekke, så Yndesdalsvatnet med tilhøyrande sideelvar skal vere behandla i Reg. plan for vassområde Hordaland.

Men det er lite å finne om den øvste delen av dette vassdraget i denne planen.

Ser ut til at det meste er å finne i faktaark for

vannforekomst for Yndesdalsvatnet. Her står det at høgda over havet er 104 meter og at miljøtilstanden er därleg. Med det meiner ein, at det er for surt, i og med at berggrunnen i området er harde og sure bergartar. Bilete under: Øvste del av Yndesdalsvatnet.



Øvste del av Yndesdalsvassdraget begynner naturlegvis lenger nord. Her er Verkland som er nordlegasate bygda i dalen. Her er det tre bondegardar som er i drift.




Ved den nordre enden av Yndesdalsvatnet er det også eit par bondegardar som er i drift.



Avrenning av næringsstoff ifrå jordbruksavfall her ser ikke ut til å vere noko problem for den økologiske ballansen i vatnet, heller tvert imot. Det var svært lite å sjå av planteliv i vatnet, så det må karakteriserast som næringsfattig.

Ser ut til at det einaste og største problemet er lav pH, og kalking er føreslått som tiltak fram mot 2021.

Resten av Yndesdalsvassdraget.



Gul farge indikerer harde og sure bergarter.


Når det gjeld resten av Yndesdalsvassdraget heilt ned til utløpet ved Frøyset, ser det ut til å vere det same hovudproblemets, det er for surt. På Sleire er det ein del bondegardar rundt Sleirevatnet som tilfører vassdraget ein del gjødsel som avrenning. Dette ser ut til å vere ein fordel i og med at det blir mindre næringsfattig.



Sleirevatnet med bygda Sleire.


Men på den andre sida har ein her eit problem med rømt fisk og lakslus. Korleis ein skal greie å løyse dette problemet utan lukka anlegg, går over min forstand, men dette blir vel eit typisk eksempel på korleis ei stor og mektig næring får sine behov tilfredsstilte på kostnad av naturvernet.

Økologisk tilstand Nordhordland.




Det som er markert med brunt har dårlig økologisk tilstand, dvs. lav pH. Raudt svært dårlig.
Frå s. 98 i Reg.plan.

Risiko hvor sur nedbør er registrert som signifikant: Hordaland



Frå s. 36 i Reg.plan.

Område i risiko for å ikke nå miljømåla i 2021. Område med berre sur nedbør eller framade artar som påverkar er markert med lys raud farge.



Frå Reg.plan s. 60

Tiltaksanalyse Nordhordaland:

Vassfore-komst	Namn	Kommune	kSMVF? (Vurderingsgrunn)	Påverknadstype	Forslag Standard miljømål	Tiltakstype	Mynde
067-26032-L	Sleirsvatnet	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Sur nedbør	GØT2015	1)Kalking/silikatbehandling 2)Legge ut gytegrus	FM/DN
067-26032-L	Sleirsvatnet	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Påvirket av rømt fisk	Udefinert	1) Udefinert	Fiskeridirektoratet
067-26032-L	Sleirsvatnet	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Påverka av lakselus	Udefinert	Udefinert	Mattilsynet

Side 30.

Vassfore-komst	Namn	Kommune	kSMVF? (Vurderingsgrunn)	Påverknadstype	Forslag Standard miljømål	Tiltakstype	Mynde
067-53-R	Frøysetelva	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Sur nedbør	GØT2015	Kalking/silikatbehandling	FM/DN/Mi Di
067-53-R	Frøysetelva	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Påverka av rømt fisk	Udefinert	Udefinert	Fiskeridirektoratet
067-53-R	Frøysetelva	Masfjorden	Miljøtilstand er avhengig av pågående tiltak	Påverka av lakselus	Udefinert	Udefinert	Mattilsynet

Side 37.

Om kolonnen *Miljøtilstand 2012*: Det er miljøtilstanden i 2012 som er utgangspunkt for å vurdere om tiltak er naudsynt: SD=svært dårlig miljøtilstand, D=dårlig miljøtilstand, M=moderat miljøtilstand, G=god miljøtilstand, SG=svært god miljøtilstand.

Om kolonnen *Type overvakning*: Denne kolonnen gir ein fin oversikt der det er foreslått ulike typar overvakning i same vassforekomst. T=tiltaksovervakning, P=problemkartlegging, B=basisovervakning og K=påleggsovervakning eller frivillig overvakning. Det er foreslått problemkartlegging og tiltaksovervakning i nokre risikovassforekomstar der tiltak ikkje er foreslått i tiltaksanalysane. Desse er markerte som P* og T* i tabellane i kapittel 7-11.

Detaljar

Samletabellane i kapittel 7 til 11 bygger på meir detaljerte tabellar over problemkartlegging, tiltaksovervakning, basisovervakning og påleggsovervakning/frivillig overvakning. I desse tabellane er det også skissert forslag til konkret overvakingsopplegg for problemkartlegging og tiltaksovervakning.

Desse tabellane kan ein lese i eige oppslag på www.vannportalen.no/hordaland. Der er det også forklart kva metode som er nytta for å utforme overvakkinga. I oppslaget er det også kart som viser kvar det er foreslått ulike slag av overvakning.

Elv

Namn på vassforekomst	ID-VannNett	Risiko 2021	Miljøtilstand 2012	Type overvaking
Frøysetelva	067-53-R	R	G	T+B
Kvamsdalsvatnet sidebekker nord	067-60-R	R	M	B
Yndalsvatnet til Kvamsdalsvatnet	067-67-R	R	D	B
Byrkjelandsvatnet bekkefelt øst	067-72-R	R	M	B
Yndesdalsvatnet sidebekker øst	067-91-R	R	D	B
Yndesdalsvatnet og Tjørna bekkefelt	067-152-R	R	D	B
Ostavatnet oppstrøms	067-173-R	R	D	B
Øyrelva	067-93-R	R	M	B

Frå overvakingsprogram Nordhordland side 13.

Innsjø

Namn på vassforekomst	ID-VannNett	Risiko 2021	Miljøtilstand 2012	Type overvaking
Yndesdalsvatnet	067-2131-L	R	D	B
Sleirsvatnet	067-26032-L	R	G	B
Ostavatnet	067-26063-L	R	D	B

Frå overvakingsprogram s. 14.

Yndesdalsvatn, Kvamsdalsvatn, Ostavatn, Frøysetvatn og Øyreelva hører til same vassdraget. Dette er eit lakseførande vassdrag opp til Ostavatnet. Informasjonen så langt er henta ifrå Høyringsutkasta.

Nærmore opplysning om Yndesdalsvassdraget, sjå wikipedia:

<http://nn.wikipedia.org/wiki/Yndesdalsvassdraget>

- **Vannkjemidata, bunndyrindeks og ungfisktetthet av laks**, indikerer at forsuring fortsatt er et relativt stort problem i Yndesdalselva. Kalkingsstrategien vurderes som tilfredsstillende for vassdraget, men pH ligger noe høyt utover høsten. Vannkvalitetsmålet er i stor grad nådd, men responsen på fisk og bunndyr er ennå ikke helt tilfredsstillende.

Ifrå 2003 til 2011 har det vore utført kalking i Yndesdalsvassdraget, sjå rapport ifrå DN Kalking i laksevassdrag, Tiltaksovervaking. Det har vore utført mest kalking i den lakseførande delen av elva. Sitatet ovanfor er henta ifrå side 14. Elles står det ein god del om Yndesdalselva på s. 284 til s. 307. Sjå:

<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/Kapitler/2012/Saksg%C3%A5rd%20Audnavassdraget%20Fisk%20%C3%85rsrapport%20kalking%20DN%20Notat%201%202012.pdf>

Det har også tidlegare vore utført kalking av Yndesdalsvassdraget då sur nedbør var på det verste. Sjå NINA-rapport: Overvåking av vannvegitasjon i forbindelse med kalking av Yndesdalsvassdraget: <http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/oppdragsmelding/251.pdf> Då var problemet at det var mykje planteregitasjon som kom drivande ned elva, og at dette kunne skuldast kalking. Elles var det lite høg planterekst i vassdraget.

Konklusjonen må vel her vere at tiltaks- og basisovervaking er tilfredsstillende.